

MØRE OG ROMSDAL VEGKONTOR
DISTRIKTSLABORATORIET

HOVEDARKIV : 462
LABARKIV : Rv / Fv nr. 922 Hp: 01

TITTEL: Veg til Tafjord.
Vurdering av tunneltrasé gjennom Skjeggghammaren

SAKSBEHANDLER: T.D.

RAPPORT NR _____
NOTAT NR _____
MELDING NR 1

KONTAKT: J.S. + P.Le

SENDT TIL	Vsj.	Dr sj.	J.S.	P.Le		
ANTALL			1	1		

DISTRIKTSLABORATORIET, MOLDE, den 7/6-79 T. Døssland

Den følgende vurderinga er basert på eit relativt overflatisk studium av kart i M 1:10 000 og stereoskopiske flyfoto i M ca 1:6250.

Grunnlagsmaterialet viser indikasjonar på 2 svakhetssoner i fjellet ved Skjeggghammaren. Ingen av desse er svært utprega og det er vanskeleg å vurdere oppknusingsgraden ut frå flyfoto.

Utgående av dei to sonene, merka I og II er viste med svart blyantstrek på vedlagte kartutsnitt.

Sone I er mest utprega. Strøket er nokså usikkert bestemt til $N-80^{\circ} \pm 10^{\circ} \phi$ og fallet ca $70^{\circ} \pm 15^{\circ} N$.

Sone II er mindre utprega i dagen, men dette kan skuldast mindre iserosjon p.g.a. leside for brebevegelsesretningen. Det er såleis vanskeleg å seie noko om eigenskapane til denne sona. Strøket er bestemt til ca $N 30^{\circ} \pm 5^{\circ} V$ og fallet ca. $45^{\circ} V$

Utgående av dei to sonene kryssar

kvarandre om lag midt oppe på fjellryggen, rett over prosjektert tunneltrasé.

Forløpet av dei to sonene i nivå med tunnelen er skissert med raud stipla line på vedlagte kartutsknitt. Det ser ut som om avstanden frå skjeringspunktet mellom dei to sonene og tunneltraséen er bra, men sidan begge sonene er heller usikkert bestemt kan dette skjeringspunktet i røynda ligge nærare prosjektert tunneltrasé.

For å sikre tilstrekkeleg avstand frå det omtalte kryssingspunktet mellom dei to sonene, og for å gi noko gunstigare retning på tunnelen ved passering av svakhetssonene, bør det vurderast ein tunneltrasé noko i den stil som skissert med grøn stipla line på kartet.

Denne traséen er om lag like lang som den prosjekterte.

I alle fall må dette partiet undersøkast av ingeniørgeolog før anlegget blir igangsett.

